



**DET NORSKE  
TEATRET**





## OSKAR BRAATEN OG DET NORSKE TEATRET

Edvard Drabløs har fortalt om det første møtet sitt med Oskar Braaten, det var i den tida Det Norske Spellaget til Hulda Garborg reiste land og strand rundt og spela teater, før Det Norske Teatret vart stifta: «Eg hugsar ein søndag på Hvalstad, det var opptakings-prøve. Ikkje alle slapp gjennom nålauga. Mellom andre råka eg Oskar Braaten for fyrste gong. Han var komen for å prøve som Trond på Bøen i «Ervingen». Då turen kom til han, var han ingen stad å finne. Redsla hadde teke han då det bar i herdinga. Han var faren attende til byen. Men Det Norske Teatret fann han att seinare og nytta han ut til mangt og mykje: styremedlem, instruktør, litterær rådgjevar, dramaturg og teatersjef (2 år). Attåt dette har teatret spela 5 skodespel av han, so det var nok det beste som kunne hende både for han og teatret at han rømde frå Trond på Bøen den gongen. Oskar Braaten står i aller fremste rekkja mellom dei som har bore Det Norske Teatret fram.» Drabløs har sjølv sagt rett — frå den dagen Det Norske Teatret starta, var alltid Braaten knytt til teatret på eit eller anna vis, han delte tida si mellom teatret og forfattarskapen. Alt den andre opningsframsyninga til teatret var eit Braaten-skodespel, «Stor-Anders», som hadde kome ut i 1912. Han var litterær konsulent frå 1915 til 1916, og på nytt i åra 1920 til 1925. Han sat i styret i to bolkar, frå 1925 til 1929 og frå 1931 til 1932. Skodespela hans kom med jamne mellomrom på spelplanen — etter kvart vart dei skrivne med tanke på ensemblet på Det Norske Teatret og tilhøva der. «Ungen» kom opp første gongen i 1914, og vart sett opp heile åtte gon-



Frå «Ungen» første gongen på Det Norske Teatret.

ger før det vart gjort om til musikkspel for to år sidan. «Godvakker-Maren», som er bygd på romanen «Bak høkerens disk», hadde urpremiere i 1927. «Familiens stolthet» følgde i 1928, og i 1935 kom endeleg Braatens største suksess-stykke, «Den store barnedåpen» opp på Det Norske Teatret i hans eiga oppsetjing. Og sidan har dei kome att — det er tradisjon i Braaten her på teatret!

Sjølv var Oskar Braaten ein smålåten mann — i 1916 skreiv han til vennen Sven Moren: «Eg høver ikkje som styresmann. Alt slikt kviler tungt paa meg.» At andre ikkje var einige med han, syner dei mange tillitsverva han fekk, både på teatret og i forfattarforeiningar. Når det galdt konsulentverksemda var han like smålåten: då Garborg fortalde han at styret på teatret samrøystes hadde vedteke å spørje om han ville ta på seg konsulentverksemda, skreiv han i eit brev: «På dette svara eg at eg kjende meg ikkje vaksen for ein slik post. Eg nemnde at etter mi meining var ikkje teatret tent med ein mann som berre las igjennom det som var sendt han, han skulle òg på eiga hand kunne fylgje med t.d. i utlandsk dramatisk litteratur og leite fram stykke han trudde kunde høve for Det Norske Teatret. Det hadde ikkje **eg** høve til. Men dersom teatret trudde eg kunde gjera nytte med å lesa igjennom dei norske skodespel som vart sendt meg, vilde eg stille meg til teneste.» Arbeidet strøymde på han: «Eg har eit par stykke kvar vike, og dei skal lesast samvitsfullt igjennom baade ein og to gonger, og so skal «innstilling» skrivast. Eg faar kje gjort stort anna,» skreiv han til Sven Moren. Etter kvart som det vart kjent at han arbeidde som konsulent på teatret, kom det manus utanfrå og, frå unge dramatikarar in-spe som var fulle av voner om ein karriere på



Frå Braatens eiga oppsetjing av «Den store barnedåpen» i 1935: Edvard Drabløs, Ragnhild Hald og Einar Tveito.

teatret. Kor alvorleg han såg på oppgåva si, og kor grundig han arbeidde, kan dette vesle utdraget frå eit konsulent-brev fortelje om: «Eg har no lese (skodespelet) 2 gonger, og eg skal nedanfor seia mi meining om stykke. Eg vil byrja med aa laste: **Emne** er ikkje dramatisk, naar ein legg den vanlege tydinga i orde. Her fins ikkje handling, ingen intrige, inkje som bind akt til akt. Inga stigning. Ein nymotens teaterlyd vil faanyttes spørja etter ein eller annan liten effekt som han er van til. — Sjøelve bygnaden hev òg sine veilor. Samrødune er jamt noko for lange, og monologar, som det fins nokre av, er ikkje velsedde i skoespel no for tida. — Utgangen paa aktene er ikkje heilt gode. Det er ingen smell i slutreplikkane. Eg tykkjer òg det er **vel** mange dikt innlagde. Det er fine

og fagre dikt for seg, men eg er berre redd for at det vil smake litt av deklamation naar **desse** folka skal ha so mange rim paa leppa.» Dette er berre innleiinga til brevet. Kvar akt blir gjennomgått og kvar person diskutert. Braaten kritiserer òg psykologien, og konkluderer med å be forfattaren omarbeide stykket. Braaten gjorde eit omfattande arbeid for teatret både som konsulent, som dramaturg og som omsetjar. I alt hadde han ansvaret for 43 omsetjingar på teatret — det er ikkje få arbeidstimar berre det! Men det var den nynorske dramatikken som låg nærmast hjartet hans. Og våren 1932 kom han med følgjande hjartesukk til vennen Sven Moren: «Kvifor prøver dei seg ikkje, dei andre nynorske bokmennene? Det kjem nok eit og anna, men dei er so ålvorlege. Folk vil ha moro — og so får dei då få det! Folk bryr seg ikkje um å gå i teatret og få greie på at livet er trist og tungt og vrangt — dei veit det fyrr! Treng kje kjøpe dyre billetter for å få vita **det**. — Det er nok so at ein bokmann fyrst og fremst lyt skrive det han har på hjarte — og det er helst ålvorlege ting. Men då har han den utvegen å skrive det i romanform. Det er utruleg kor mykje ålvor folk toler når dei får det i ei bok. Men på teatret vil dei helst læ. — Gud veit kvifor det skal vera slik, men slik er det no! — Ja, ja, det er kje greidt å vera publikum heller. Og ikkje forfattar. Og ikkje tea-



«Godvakker-Maren» i 1940: Siri Rom, Else-Marie Toms, Øyvind Øyen og Dagmar Myhrvold.

tersjef. Og ikkje medlem av teaterstyre. Det er i det heile ikkje greidt å vera menneskje! (Ei ny opending, gjort av underskrivne!)» To år seinare sat Oskar Braaten som teatersjef på Det Norske Teatret.

I 50-års saga til teatret skriv Olav Dalgard: «Spørsmålet om ny teatersjef vart sterkt diskutert på nyåret 1934. Mellom dei som søkte den utlyste stillinga, var Stein Bugge, Knut Hergel og Oskar Braaten. Den siste vart samrøystes tilsett på styremøtet 6. februar, og alle var vel nøgde med at ein av grunnpillarane under teatret no ville ta på seg den lite hugnadsame jobben. «Neppe noen teaterchef i Oslo har gitt sig i vei på sin smale og tornefulle sti gjennom kritikken og budgett-vansklighetens jungel med et fullkomnere utstyr av goodwill enn Oskar Braaten,» skreiv 10. februar Dag-

bladets Chr. O. Christensen etter utnemninga. . . . På spørsmålet frå ei avis om korleis han hadde tenkt å drive Det Norske Teatret, svara Oskar Braaten straks etter tilsetjinga: «Så litterært som mogleg.» — Og dette ordet kunne stå som eit motto for dei to sesongane han var teatersjef. Som norsk dramatikar ville han gjerne stø ny, norsk dramatik så langt det let seg forsvara økonomisk. Men betre enn nokon annan kjende han grensene for denne dramatikken og visste kva det kosta teatret.» Repertoaret til Braaten kunne by på 5 norske urpremierar i dei to åra han var sjef: «Ultimatum» av Tarjei Vesaas, «Broder Nikolai» av Ove Ansteinsson første året, Olav Hoprekstads skodespel om Håkon Jarl, «Jarlen», Cally Monrads «Trollskot» og Olav Slettos «Gamle Vehall» andre året. Elles veksla repertoaret mellom komediar og meir alvorlege stykke, teatersjefen sette m.a. sjølv opp




Frå Braatens oppsetjing av «Unge mann, kva no?»

Frå Braatens oppsetjing av Gorkis «Nattasylet».



Hans Falladas «Unge mann, kva no?», og Agnes Mo-winckel instruerte Maxim Gorkijs «Jegor Bulytsjov» — første framsyninga av dette stykket utanfor Sovjet-Unionen. Han introduserte òg G. B. Shaw på Det Norske Teatret, med «Heltar» (Arms and the Man). Største triumfen i sjefstida var likevel hans eiga oppsetjing av «Den store barnedåpen», som hadde premiere 26. desember 1935. Uroppføringa av Kaj Munks skodespel om Mussolini og krigen i Etiopia, «Sigeren», som var blitt forbode av teatersensoren i Dan-



mark, vekte skandinavisk interesse. Men Braaten treivst dårleg i sjefsstolen: «Eg har no fått visse for at eg ikkje er mannen for å berge teatret korkje kunstnarleg eller økonomisk. Kritikken er sur, og benkane står tome. — Teatret kviler tungt på meg, det er sagt i ålvor!» klagar han seg til Sven Moren alt etter tre-fire månader. Seinare skriv han: «Eg er trøytt av heile sjefstillinga, har ikkje helse eller nervor til dette, det er best eg går min veg. Privatliv er det reint slutt med, eg går um morgonen og kjem heim um kveldane —.» Braaten var såleis svært glad då Knut Hergel tok over som sjef, og han sjølv kunne halde fram i si gamle stilling som dramaturg og instruktør. I denne tida sette han i scene m.a. Gorkis «Nattasylet» og sitt eige «Ungen».

Den 17. juli 1939 mista Oskar Braaten livet i ei bilulykke på veg til hytta si i Trysil, einaste staden på jorda han treivst utanfor heimbyen. Den 14. oktober spela teatret «Den store barnedåpen» som minneframsyning, og styreformann Trygve Sundt skreiv m.a. desse minneorda i programmet til den kvelden: «Namnet hans stod alt på første plakaten til Det Norske Teatret. Han var dramatikar, litterær rådgjevar, styresmedlem, teatersjef, dramaturg, omsetjar og instruktør ved teatret. — Dei skodespela han har hatt over tilet her, er alle på eitt nær skrivne på nynorsk og med Det Norske Teatret for auga. Sjølv kjende han det som noko bortimot utrugskap at ikkje alle stykka hans gjekk beinveges til dette teatret. — I eitt og alt og til alle tider rekna han seg som talsmann og tenestmann for Det Norske Teatret. Ikkje noko for teatret var framandt eller likesælt for han. Jamvel i dei tider han var utanfor dei stillingane som gav økonomisk ansvar, stakk han innom om kveldane og ville sjå på huset, og sette opp horoskop for kvelden. Han var tuftekallen på garden.»



Det siste fotografiet av Oskar Braaten.



## «DEN STORE BARNEDÅPEN» PÅ NORSKE SCENER

«Den store barnedåpen» er Oskar Braatens aller største suksess, både når det gjeld publikum og når det gjeld hans eigen økonomi! Mange reknar «Barnedåpen» som den beste av alle dei folkekomediar som har blitt skrivne her til lands. I sin opphavlege skapnad var «Barnedåpen» ei novelle, skriven i 1918. «Jeg fikk idéen nede i Oslo sentrum en kveld,» har Braaten fortalt i eit intervju. «Jeg ble gående en hel time og skrive i notisboken. Fortellingen kom i «Humør» og så dramatiserte jeg den i 1924.» Stykket kom ut i 1925, og det var urpremiere på Nationaltheatret 7. oktober same året. Før premieren hadde Aftenposten eit intervju med dramatikaren, der han m.a. seier: «Jeg har først og fremst villet skrive en komedie. . . . Jeg har villet vise statskirkens motsetningsforhold til menigheten, aarsaken til at sektene blomstrer. Hvorledes stridigheter og vrøvl gjør det koldt og stygt. Kirken skulde isteden gjøre det hjemlig og lyst, se sin oppgave i aa samle og favne alt, saa ville baptister og alt det der forsvinne. . . . Men tro ikke derfor, at jeg haaner kristendommen, det være langt fra mig. Det er prestene, jeg har skrevet om, jeg synes, de fortjener en snert av pisken. Jeg har prøvet at haane dem i haab om at vække dem, saa de faar en følelse av, hvorledes mange av menneskene **utenfor** ser dem.» Braaten meinte det var all strid innanfor kyrkja som var skuld i flukta «til de aandsfordummende sekter. Sekter, som hver for sig mener det godt, men som ogsaa ligger i krig.» Dette utfallet vart ikkje nådig tatt opp av dei ulike sektene, og forstandarden for Filadelfia i Oslo svara svært skarpt på Braaten-intervjuet. Han slutta med orda: «Hvad skal vi gjøre med de aandsfordummende forfattere?»

«Den store barnedåpen» vart ein av dei største suksessane Nationaltheatret hadde hatt. Stykket stod på repertoaret kontinuerleg i tre år, og vart i denne første omgangen oppført 169 gonger! «Etter de par første replikkene braket latteren løs, den fortsatte og steg hurtig til applaus for åpen scene,» slik byrja Inge Debes sin kritikk i «Den nye Social-Demokraten». «Replikkene er overdådige, de eier den forbløffende vending som får folk til å hikste av forbløffelse og som utløser latteren eksplosivt.» Anders Stilloff i Aftenposten slutta seg til: « . . . futtende, gnistrende komedie . . . Det hele er som et knitrende fyrverkeri. . . . Det hører til de ubetingede sjeldenheter at det blir ledd slik i Nationaltheatret som i går. Man rystet av latter hele aftenen igjennem.» Kvelden var først og fremst Hauk Aabels som kyrkjetenar Evensen: «Hauk Aabel ga med usvikelig sikkerhet uttrykk for kirketjenerens folkelige livsvisdom,» skreiv Sigurd Bødtker i «Tidens Tegn». «Han har en egen saktmodig verdighet i sitt vesen, han vet hva han skylder sin geistlige stilling, men munnen har han litt vanskelig for å styre, den er vant til å bruke sitt eiendommelige ordforråd.» Evensen hadde som kjent vore høker, og snakka heile tida om kundar og varar og konkurrentar og filialar. På 150-gongers festen på Nationaltheatret sa Braaten m.a.: «Hva Barnedåpen har betydd for meg økonomisk, behøver jeg ikke stå her og for-



Hauk Aabel som Evensen i filmen (1931).



Elna Hallenberg Nilsen og Birger Løvaas på Folketeatret i 1956.

telle ... Nationaltheatret fremførelse og suksess ... ga meg motet igjen i en svært vanskelig tid da jeg holdt på å gi tapt. Jeg tør ikke tenke på hvordan min stilling hadde vært idag uten den hjelp og håndrekning som dere alle ga meg den gangen!» Suksessen på Nationalteatret førte til at stykket kom opp både i Trondheim, i Stavanger og i Bergen, der byens store komedieskodespeler William Ivarson spela Evensen. I 1931 vart «Den store barnedåpen» den første norske talefilmen, sjølv sagt med Hauk Aabel i glansrolla si som Evensen.

Stykket har sidan stått på spelplanen på norske teater oftare enn dei fleste norske skodespel: Nationaltheatret tok det opp att alt i 1931, sidan har det vore spela under krigen, i 1944. Den Nationale Scene spela det i 1935, den gongen med Victor Ivarson som Evensen, i Rolf Christensens regi. I 1939 sette Henry Gleditsch det opp på Trøndelag Teater med Fridtjof Fearnley som Evensen. Rolf Christensen var òg instruktør då Centralteatret sette opp stykket sesongen 1949/50, i høve byjubileet. Toralf Sandø spela Evensen i den oppsetjinga. I 1956 kom ei solid framsyning på Folke-teatret, der Gunnar Oloram sette i scene. Rollelista byd på godt kjende namn i norsk teater: Prestefamilien vart spela av Vilhelm Lund, Rønnaug Alten og Merete Skavlan, med Per Sunderland som kapellan Storm. Birger Løvaas feira triumfar som Evensen, Elna Hallenberg Nilsen var jomfru Jahr, Ragnhild Hald var Dobbelt-Petra, og jentene Alvilde, Toralfa og Georgine vart spela av Grete Nordrå, Sossen Krohg og Sissel Sellæg. Per Theodor Haugen var Harald og Georg Richter «Gjøken». På Rogaland Teater kom stykket opp att i 1958, i Bjørn Endresons regi og med Tor Inge Kristiansen i Evensens rolle. Og for Fjernsynsteatret har «Den store barnedåpen» blitt ein av dei aller største suksessane, spela inn i 1961 men sendt i reprise ei rad gonger. Først og fremst er dette Egil Hjort-Jenssens framsyning, dei fleste hugsar utan tvil hans glimrande framstilling av Evensen. Toralf Sandø hadde regien, og i andre sentrale roller møtte vi ein av instruktørane for kveldens framsyning, Svein Erik Brodal, som Harald, og Gudrun Waadeland som

Alvilde. Wilfred Breistrand var Storm, og Dobbelt-Petra vart spela av Else Heiberg. Kveldens andre instruktør, Jack Fjeldstad, er heller ikkje ny når det gjeld «Barnedåpen», han hadde regien i Radioteatret i 1956.


På Det Norske Teatret kom «Den store barnedåpen» først opp i 1935, då Braaten sat i sjefsstolen. Han tok seg sjølv av regien òg, og framsyninga vart ein stor suksess for teatret. Oppsetjinga fekk Paul Gjesdahl til å skrive følgjande: «Det er slått fast – både i jubileumsartikler og litteraturhistorier – at «Ungen» er Oskar Braatens betydeligste skuespeill. Jeg må på dette punkt erklære meg som kjetter – jeg liker «Den store barnedåpen» best. I ingen annen norsk komedie er elskerverdigheten så farlig og ironien så dobbelttydig som i disse tre tilsynelatende så muntre akter om kirke og sekter, alvorlig religiøsitet og høytidelige embetsprotokoller. Nettopp i forsvaret ligger der et lumsk angrep på det statsautoriserte kirkesamfund – den gamle sognepresten er så tannløs at han lar folk gjøre hvad de vil bare de holder fred, og hans dyktige venstre hånd, kirketjener Evensen, er så kynisk i sitt hokersyn på alt som har med religion å gjøre, at en nok ustanselig morer sig, men samtidig går det en undertiden kaldt nedover ryggen. En kan si om Braatens komedie som det ble skrevet om «Kjærlighedens komedie» – intet er sikkert i dette stykket unntagen spotten. Dikteren lar seg ikke fange – han leker «titter'n på hjørne» med oss i replikkene. Det er nettopp det som gjør skuespillet så sjarmerende.» Braaten hadde skore bort to figurar frå første versjonen, og ellers lagt vinn på å gjere satiren litt mildare og meir elskerverdig enn i den første utgåva. Lars Tvinde spela presten som ein logn og tiltalande liberalar, mens Einar Tveito var den hardkokte kapellanen Storm. Edvard Drabløs hadde i følgje Olav Dalgard meir av vestlandsk malise enn Hauk Aabels breie flåkjefta austlending i rolla som Evensen, Dagmar Myhrvold var ei ruvande austkantmadam som Dobbelt-Petra, og Ragnhild Hald og Lydia Opøien var ypparleige som Toralfa og Alvilde. Alf Sommer spela Harald, mindre komisk, men meir menneskeleg enn Einar Sissener på National. Framsyninga samla fulle hus i over to månader. I 1939 kom oppsetjinga på spelplanen igjen som minneframsyning for Oskar Braaten – han omkom i ei bilulykke sommaren 1939. Neste gongen «Barnedåpen» kom på spelplanen var i 1947, som jubileumsframsyning for Alf Sommer. Han feira 30-årsjubileet sitt ved sjølv å setje i scene og spele i «Den store barnedåpen» – og det synte seg at folkekomedien framleis hadde eit trygt tak på publikum, og at Alf Sommer hevda teatrets verdfulle Braaten-tradisjon på ein fin og trufast måte. I 1953 stod «Barnedåpen» på spelplanen for siste gong inntil vi no spelar han på nytt.

Oskar Braaten vart av og til kritisert fordi han ikkje eggja til politisk strid i skodespela sine, fordi han ikkje tala klassekampen si sak når han skreiv om fabrikkarbeidarar og andre fattigfolk på austkanten. Braaten har sjølv kome med det beste svaret på denne kritikken i eit intervju: «Jeg har alltid forsøkt at undgaa agitation. Isteden har jeg skildret forholdene som de er, det virker da ved skildringernes egen tyngde.»



## VELKOMNE TIL DET NORSKE TEATRET!

Vi har gleda av å ønskje to gjester velkomne til Det Norske Teatret — begge til dagleg å finne på Oslo Nye Teater: Det er Arve Opsahl, som med dette inntar scenen i Stortingsgata for aller første gong, og Aud Schønemann, som kjenner scenen godt frå dei åra ho var her på teatret, ho spela m.a. Hønse-Lovisa glitrande godt i jubileumsframsyninga av «Ungen» i 1963. Begge er eminente komikarar med ei lang rad sigrar bak seg i det komiske rollefaget, og begge kjenner Oslo-tonen ut og inn — dei skulle med andre ord ha dei aller beste føresetnader for Oskar Braatens folkekomedie frå det gamle Kristiania, frå Sagene.



*Oskar Braaten*

# *Den store barnedåpen*

**Regi:** JACK FJELDSTAD / SVEIN ERIK BRODAL  
**Scenografi:** ARNE VALENTIN  
**Kostyme:** RANDI SKAHJEM / ARNE VALENTIN  
**Musikkutval og arrangement:** EGIL MONN-IVERSEN  
**Musikalsk leiling:** BERNT ANKER STEEN  
**Parykkar og masker:** DORO WALSTAD  
**Rekvisittmakar:** EGIL AARUM  
**Inspisient:** SIMEN REVOLD  
**Rekvisitør:** ELLEN MARIE SAND  
**Sufflør:** TORILL STEINLEIN

Premiere 8. februar 1975

Pause etter andre akt

**Soknepresten**

**Prestefrua**

**Astrid, dotter deira**

**Res.kap. Storm**

**Kyrkjetenar Evensen**

**Jomfru Jahr**

**Dobbelt-Petra**

**Alvilde**

**Toralfa**

**Georgine**

**Harald**

**Hans «Gjøken»**

**Gjendøyparen**

**Frelsesoffiseren**

**Ei jente**

**Ei anna jente**

**I orkestret: Bernt Anker Steen (kornett), Dag Aukner  
(tuba), Anders Grøthe (trekkspel).**

ØYVIND ØYEN

EVA SLETTA

RAGNHILD HILT

JOHAN KJELSBERG

ARVE OPSAHL

AUD SCHØNEMANN

ANITA RUMMELHOFF

BRITT LANGLIE

KIRSTI KOLSTAD

KARIN HAUGEN

ØIVIND BLUNCK

BJØRN FLOBERG

MAGNUS TVEIT

MARIT KOLBRÆK

ELLEN MARIE SAND

ELISABETH SAND

(tenorhorn), Solveig Hjerkin (horn), Per Frydenlund

NB! Fotografering under framsyninga er forbode.





## OSKAR BRAATEN OG SAGENE

Oskar Braaten vart fødd og voks opp på Sagene, og det er menneska og tilhøva i denne bydelen han helst skildrar. Sagene ligg på begge sider av Akerselva, der ho kastar seg av garde i freske fossefall og gir kraft til ei rad store fabrikkar, «Hjula», «Graah» og «Sømnen» for berre å nemne nokre av dei. Folket på Sagene var for det meste fabrikkarbeidarar, som sleit lange timar på fabrikkane ved elva. Med Oskar Braaten fekk dei sin første talsmann i litteraturen, han har skildra dei med kjærleik og med respekt – utan politisk agitasjon, men med djup forståing for og medkjensle med den situasjonen dei levde i. Vi har valt ut nokre avsnitt frå to av Braatens Sagene-skildringar, den første er «Fra mine gutteår på Sagene», den andre eit essay om «Akerselven», skrive til ei bok om Kristiania som vart gitt ut i 1918.

### Fra mine gutteår på Sagene

Det første jeg kan huske, det er fra den krokete, koselege delen av Sandakerveien som går fra Sagene skole og opp til Torshovgata. Sandakerveien, der det i min barndomstid lå slike gamle, små trehus som «Labakken» og «Nestingen» og «Brandbakken» og «Smedgården» og «Nommer tolv» og «Reutergården» og hva de nå hette alle sammen. De fleste av disse småhusene ligger der nå forresten den dag i dag. Men nå skal de vel snart rives. For disse moderne funkisbyggene har tatt til å bli temmelig nærgående og nesevise i det siste. Så det varer vel ikke så lenge før Sandakerveien blir likeså snorrett og kjedelig som alle de andre gatene i byen.

Jeg har de første minnene mine fra «Nommer tolv», det aller minste av alle de små trehusene der i Sandakerveien. Vi bodde der fra det første leveåret mitt, til jeg var i seksårsalderen. Det ørvesle huset ligger en tre-fire meter innenfor fortauet, med et stakitt til gata og en vannpost like innenfor gjerdet.



Oskar Braaten utanfor Sandakervn. 12.

Så var det en dag at det **hendte** noe i det vesle rommet vårt. Mor kom hjem og fortalte at vi skulle flytte, vi skulle ikke bo her lenger.

Jeg husker ikke enten jeg ble lei meg eller glad, jeg husker bare at jeg gikk bort i kroken etter den blå trillebøra mi, jeg gav meg til å fylle den med alle rikdommene mine. Jeg hadde en trehest uten hode og hale, jeg hadde en «leamann» og en badeengel og en hestesko, jeg krøp under senga etter en død gråspurv jeg hadde gjemt der, alt måtte jo være med. Lokk opp døra! sa jeg. Du skal vel ikke gå ut? sa mor. — Vi skal jo fløtta! sa jeg. — Ja, men ikke før om fjorten dager! sa mor. Men hva er det for noe stygt du har der? — Det er en pen fugl jeg har finni på gata! sa jeg. — Du får ikke lov til å kaste'n, kanskje han blir levanes igjen i morra! Men mor hadde alt kastet spurven ut gjennom vinduet. Vi kan da ikke ta **den** med til «Hjemmet»! sa hun. — Skal vi fløtta til «Hjemmet»? sa jeg. Jeg gråt. — Jeg vil ikke bo i «Hjemmet» for det er en gutt der som kaller meg for oskefis! sa jeg. — Fy deg, du skal ikke banne! sa søster. —

Jeg må i parentes få opplyse at «Hjemmet» er en veldig murgård på hjørnet av Sandakerveien og Holsts gate (Holsts gate nr. 2).



Holstsgt. 2, kalla «Hjemmet».

Det ville være jålete av meg å late som jeg husker alt fra den første tiden jeg bodde i «Hjemmet». Men så mye husker jeg at den leiligheten vi hadde fått nå, var så mye lysere enn der vi hadde holdt til før. Vi bodde i tredje etasje med vindu rett ut mot «løkka», de panelte veggene var så nydelige og lyserøde som tynn søtsuppe. Og kjøkkenet vårt da! Med spring og vask og kjøkkenbenk og andre fine greier! Ja, jeg skryter vel kanskje litt når jeg sier «vårt» om kjøkkenet, vi eide det ikke alene, vi var to familier om å dele det. Vi hadde hver vår vegg med hver vår tallerkenrekke, og disse veggene pyntet vi med vårt fineste blikktøy. Vi hadde hvert vårt rom i kjøkkenbenken og i skapet, vi hadde hver vår brøddunk bak døra. Vi hadde riktignok bare én komfyr, men det var to illegg i den, vi hadde hver vår ovnsdør, så det var sannelig ingen mangel.

Vi som er voksne, vi har god grunn til å syns synd på barna som skal være nødt til å vokse opp i enkelte av strøkene i slike storbyer som Oslo. Ungene har nesten ingen andre steder å gjøre av seg enn å holde seg i portrom og trange, skyggefulle gårds plasser, de må leke omkring søplekassene. — Det er bare **det** gode med det at ungene sjøl heldigvis ikke skjønner hvor galt dette er. De trives de, og har det moro likevel. Portrommene og kjellertrappene er fulle av merkelige eventyr. Det skulle bare mangle at de ville bo andre steder enn i byen! Men vi voksne vet som sagt hvor ille det er. Og verre er det nå, enn noen gang før. For nå kan ungene snøtt stikke nesa utenfor porten uten å risikere å bli kjørt ned av biler og trikker.

Slik hadde vi det gudskjelov ikke på Sagene da jeg var gutt. Gatene lå og døde og halvsov, bare en sjelden gang rullet en vogn forbi. Vi hadde «løkka» og «tomta» og «myra» å tumle oss på, vi kunne gå opp i «kulpen» og bade, vi kunne ta med oss mat og gå på landtur til «Mailund». Men gjorde vi det så svært ofte? Nei, vi holdt oss merkelig nok mest innenfor porten den tiden også. Og det gildeste stedet vi visste, var nettopp søplekassa! Oppå den satte vi oss, så mange som kunne få plass. Jentene med dokkelappene sine, vi guttene med knappeposene og hyppen. Men så **var** det noe til søplekasser også! Ikke slike små, firkantete sinkbøtter som står i gårdsrommene nå til dags. Nei, søplekassa i «Hjemmet» var diger som et lite hus, det var plass til en hel bråte av oss oppe på lokket. De voksne fortalte at lokket hadde løftet seg varsomt opp en morra og et ansikt hadde tittet ut gjennom sprekken. Et skjegget, svart ansikt. Det var en fillepeller som hadde vært trett og tatt seg en lur på morrakvisten. Men slikt kunne ikke noen gjøre i ei søplekasse nå. Så verda går ikke **bare** framover!

— — —

— Men det var mange av oss som hverken hadde far eller mor hjemme om dagen. De drog ut tidlig om morgenen. Fabrikken hadde bruk for dem fra klokka seks. Barna fikk ligge igjen alene.

— Jeg begriper nesten ikke hvordan vi greide oss den tiden. Mødrene våre skar mat til oss og satte kaffekjelen på den varme komfyren før de gikk. Om vinteren satte de kjøkkenlampa på bordet foran senga og vekket oss. — Du må ikke forsova deg! sa de. Og vi svarte i ørska og sovnet inn på nytt før de var ute gjennom døra. Til vi fór opp og glante vettskremt på klokka. Skolen! Vi skulle være på skolen klokka åtte, og nå manglet den bare et kvarter! Det var å slenge på seg klærne og rive med seg bøkene og skolematen. — Og det var ikke så **fælt** ofte vi kom for sent.

— — — Men livet var nå ikke bare skole og lek, vi hadde da litt nyttig å pusle med også, vi hadde for eksempel matspannene. Matspannene, spør De? Ja, matspannene! Middagshvilen på fabrikkene varte bare en time, og det var ikke alle som brydde seg om å gå hjem i den korte tiden. Det var ungkarer og barnløse som ingenting hadde hjemme å gjøre, og det var mange som bodde langt unna. Og da måtte de jo ty til matspannene og kokekonene. Vi hadde minst én i hver gate, vi hadde én i «Hjemmet», og vi hadde én lenger oppe i Sandakerveien. Tidlig på formiddagen

begynte de å koke i digre kar, klokka tolv stod de fulle spannene i rekke og rad i entréen deres og helt ut i trappa. Spannene var delt i to, den underste delen var til suppe, den øverste til «ettermat», de var heftet sammen med en rem til å bære i. Og så var det å ta disse matspannene og springe nedover til «Sømmen» og «Hjula» og «Graah». I første greide vi ikke å få med oss flere enn et par spann i hver hand, men vi øvde oss opp og ble flinkere og flinkere, de likeste av oss kunne spurte nedover gata med en åtte-ti spann uten å slå ut en dråpe. Og nede i forhallen på fabrikkene satte vi spannene fra oss og fløy av gårde etter nye. Det verket nok litt i armene når sjauen var over, men vi tjente penger. Vi hadde ti øre uka for hvert spann, og det ble jo en liten skilling. Og det kunne være godt å få lagt noen kroner til side til konfirmasjonen.



— Stakkars fattige barn! sier De kanskje. Tenk å slite slik for et par kroner!

Fattige? Nei, vi var ikke fattige! Det var vel ingen overflod av noen ting, men jeg kjenner ingen av dem jeg vokste opp sammen med, som tenkte over at de manglet noe. Nei, **vi** var ikke fattige. Men vi så mange som var det. Nesten hver dag gikk det tiggere på dørene, og de bad sjelden uten å få. Var ingen av foreldrene våre hjemme, smurte vi noen brødsiver og stakk borttil dem. — Vi ga en tigger litt mat! sa vi da mor kom hjem. Stakkar, det var bra, vi kan takke Gud, vi som ikke er fattige! sa mor. —

— Det stod benker rundt den nederste enden av gårdsplassen i «Hjemmet» den gangen jeg bodde der. Der satt karene og røkte om sommerkveldene, og dit kom også konene med håndarbeidet sitt, eller med den minste ved brystet. Og så måtte selvfølgelig vi ungene også holde til der. Og praten gikk. De som var innflyttere fortalte om hvor gildt det var hime i den bygda de kom fra. De som var født her i byen mente på at et penere sted en Sagene fantes det nå ikke! Reis him att da vel, når det er så gromt der! sa de. — Vi lærte mye disse kveldene, vi ungene. Vi ble godt kjent med Sagene i gamle dager, og med bygdene omkring. Vi lærte kanskje også meget som vi ikke **burde** lære. Det var helst når det led litt ut på kvelden, og konene hadde gått opp. Da kom skrønene! — Og de kunne være nokså drøye mange ganger.

Når de lange, mørke vinterettermiddagene kom, da gikk vi på besøk til hverandre, vi som var alene hjemme. Krøp sammen og ventet på kvelden da foreldrene våre skulle komme. Tiden var så lang, så lang. Vi gjorde det vi kunne for å korte den. Vi leste indianerfortellinger og hyppet og fortalte skrøner som vi hadde hørt av de voksne om sommerkveldene. Vi gjorde kanskje mange gale ting også — ting som aldri hadde falt oss inn, om vi hadde hatt far eller mor hos oss. Men **dem** hadde vi ikke. Fabrikken hadde kjøpt dem. Vi hadde ikke råd til å beholde dem. Så vi **var** kanskje nokså fattige allikevel. —

— — — Jeg hørte en gang et foredrag i Bondeungdomslaget. Det var en prest som talte — en landskjent prest som hadde «studert» livet på østkanten, som de kaller det. Han hadde gått omkring der, og han hadde



blitt alvorlig rystet, den gode prestemannen. Jeg husker han sluttet slik: Etter menneskelig beregning er disse barna dømt til undergang!

— — — Jeg var ganske ung den gangen, sinnet holdt på å ta makten fra meg, jeg var nære på å stå opp og kaste noen ord bent i ansiktet på presten. I pausen snakket jeg til formannen, det var Klaus Sletten den gangen. — Svar presten du! sa Klaus Sletten. — Jeg? Kunne jeg min stakkar våge meg til å svare en prest? Men ordene brant seg fast i meg. Dømt til undergang! Jeg var ikke bare sint lenger. Jeg var redd!

— Jeg ser ofte noen av vennene mine fra barneårene, jeg hilser på en og annen av dem rett som det er. Enkelte av dem har flyttet fra østkanten for alle tider, mange av dem bor der ennå og lever arbeidernes strevsomme og nyttige liv. Dømt til undergang? Gudskjelov, prestens «menneskelige» beregning slo feil! Vi gikk klar av undergangen, de aller fleste av oss!

### Akerselven

Akerselven er ingen «fin» elv. Nævn den for folk ut-over landet, de vil trække paa akslene, de vil smile. Og de vil tænke paa sin egen elv som bugte sig nedigjennem dalen: Akerselva! vil de si. Vaterlandselva! Er det ikke der byfolkene drukner kattene sine og tømmer kloakkene sine? Og en slik gurme-rende kalder De elv? Ja, ja stakkar! Dere byfolk er vel ikke likere vant!

Men for aa være retfærdig: Det er ikke bare de utenbys folk som griner paa næsen hver gang Akerselven blir nævnt. Der lever tusener av mennesker her i vor egen by som ikke forbinder andet ved navnet end lassaroner og veltede prammer og stinkende søle. En og anden gang har de kanskje gaat over en av dens broer ved Fjerdingsgen eller Grønland, og de har straks sit billede av elven færdig: En graagul, skidden elv som glir sagte og makelig gjennem byen og forpester luften. Tvi! sier de. At man ikke ser til aa bli kvit denne styggedommen!

Menneskene ved Akerselven!

Jeg kjender dem ikke alle, jeg kjender ikke saa meget til Fjerdingsgen og Vaterlands beboere at jeg kan skrive om **dem**. Jeg har set ungene huske sig i baatene, jeg har set kjærringene staa paa fire paa de skrøpelige baatbryggene og vaske sit hvite tøy i den skidne strøm, og jeg har set mandfolkene staa langs bredden om vaarkveldene og tjære sine elskede snekker. Ja, **det** har jeg set. Men de av Akerselvans mennesker **jeg** kjender, det er menneskene fra fabrikkene oppe ved Sagene, og det er derfor jeg vil be Dem umake Dem en tur op til Beierbroen igjen.

Vi kommer opover Thorvald Meyers gate og svinger tilvenstre mot broen. Og vi stanser der og læner os mot dens jernstakit og ser os litt om. Mot syd ligger «byen» under en blaagraa røktaake. Trefoldighetskirken skjæve kuppel hæver sig æsende tilveirs som en fylt gasballon. Mot sydvest kneiser Gamle Akers rolige, vakre kirketaarn, og mot sydøst Pauluskirkens. Flere kirketaarn ser vi ikke tydelig, men en mangfoldighet av fabrikkpiper peker mot himlen. Slanke og vakre som minaretter.


Jeg vil nævne nogen av fabrikkene for Dem. Den svar-  
te bygningen der nede i dalen er «Sømmen» — heste-  
skosømfabrikken. Nedenfor ligger Foss bryggeri. **Der**  
har vi Akerselvens maskinverksted, **der** Ringnes bryg-  
geri, **der** Vøiens nye væveri, **der** «Graah», **der** «Hjula».  
Fossen ovenfor os durer og summer. Ensformig, mo-  
notont. Her vi staar kan vi se hvordan skummet væl-  
ter sig ned i den grønblaa elven. Det koker og det  
fræser. Og grønhvite søiler slænges ustanselig mot  
dæmningene. Men nedenfor dæmningene glir elven  
stille og lydløs.

Akerselven kløver Sagene i 2 deler. Den østre halv-  
delen har Sandakerveien til hovedgate, og da jeg er  
fra **den** siden, er det rimelig at denne delen staar for  
mig som det egentlige, det **rigtige** Sagene. Den vestre  
del (hvor forresten baade kirken og arbeidersamfun-  
det ligger) benævnes av os foragtelig «den andre sia».  
Men det kan jo godt hende at **den** siden er den vik-  
tigste likevel, dersom man skal være ærlig. —

For aa komme til Maridalsveien maa vi op en brat  
bakke, Løkkegaardsbakken. Paa toppen av den har vi  
tilhøire en arbeiderbolig for Hjulas arbeidere, til-  
venstre en gammel koselig kristianiagaard «Løkke-  
gaarden».

Maridalsveien kroker sig nu videre opover, og paa  
hver side er den pyntet med et lite graat, skjævt hus.  
Gamle hus bebodd av skikkelige, strævsomme ar-  
beidsfolk. Arbeidsfolk hvis forældre og bedstefor-  
ældre bodde her da stuene var nye. Arbeidsfolk som  
sjelden kommer sig længer end indenfor fabrikkpor-  
tene.

Men det er tryggest at vi holder os til den «rigtige»  
siden av elven, at vi ser litt paa Sandakerveien. Straks



Oskar Braaten  
på Beyerbrua med  
Graahs veveri i bakgrunnen.

ovenfor broen har vi Sagenes skole og Sagenes folke-  
bad. Et stykke længer oppe ligger en vældig kaserne  
og soler sig paa hjørnet av en stille tvergate. Jeg  
kjender denne bygningen godt, den er mig en kjær  
bygning, jeg har kaldt den ved mange navn. Jeg har  
kaldt den «Dronninga» og «Borgen» og «Slottet».  
Men dens **rette** navn er «Hjemmet», med sterk «t» i  
enden. Hvorfor den heter saa, vet ingen. Men **at** den  
heter saa, vet alle. Spør efter «Hjemmet», De vil ikke  
bli vist feil. —

— Fabrikjentene er usædelige! griner byens damer. Kjære, der fødes da saa mange uegte barn i fabrikkstrøkene! Min mening er at en fabrikkjente i almindelighet ikke tænker større over begrepene sædelighet og usædelighet. Hun eier et legeme, som andre unge kvinder, hun eier kanskje en likesaa stor trang til kjærlighet og hengivelse som hendes lykkeligere søstre. Men forholdene er jo ofte saa vanskelige for hende. Hun blir glad i en gut, de forlover sig, de gifter sig, alt gaar bra. Men hun tænker desværre ikke **altid** paa kirken under sin elskov, og det **hænder** at det gaar galt. Hendes sjæl blir ikke tilrakkert for det. Hun er i almindelighet ikke mer bedærvet naar hun ligger paa «stiftelsen» med den vesle i armen, end naar hun sat i kirken paa konfirmationssøndagen. **Endda** vanskeligere blir det jo aa leve, efter at den vesle er kommet, dyrere blir det, evig mas nat og dag blir det. Men ikke slik aa forstaa at hun **krøsser**, dersom han Alexander vil vri sig unda. Hun har jo sin maskine og sin ukeløn! Kommer han Alexander igjen, naa saa er det bra, kommer en anden, ja, saa gaar **det** ogsaa, og kommer ingen — kjære, er jeg ikke istand til aa fø ungen min sjøl! Jeg sætter ind ei krone paa bankboka hans hver eneste uke, og jeg skal nok sørge for at han kommer sig fram i verda! —



Lydia Opøien, Alf Sommer og Helge Essmar i Braatens «Barnedåp»-oppsetjing.

Det er stilt i fabrikkarbeidernes bydel om dagen. Nogen barn leker i gaardsrum og i gatenes rendestener, en melkevogn stanser utenfor melkebutikken, eller en ølvogn fra bryggeriet. Men ellers er gatene fredelige og tomme. Bare ved morgen og ved middag og ved kveld fylles de. Av folk som flyer. Enten mot fabrikkportene. Eller hjem til det fattige bordet.

Men barnene leker i gaardsrum og rendestener.

De mødre som eier den lykke at de kan være sammen med sine barn dagen lang, som kan faa lov aa værne og stelle om dem og holde øie med dem, de kan vel vanskelig sætte sig ind i hvordan den gifte fabrikkarbeidersken har det.

— — — Akerselven er en foragtet elv. Men strævsommere og flittigere elv findes ikke i Norge! Fabrikkarbeiderne ved Akerselven er heller ikke agtet som de skulde. Men strævsommere og flittigere folk findes ikke i verden!





# SPELPLANEN PÅ DET NORSKE TEATRET

På Hovudscenen

Peter Shaffer

## EQUUS

Regi: Bjørn Endreson, scenografi: Bjørn Endreson og Snorre Tindberg.

Med m. a. Pål Skjønberg og Are Storstein

Johan Falkberget/Carl Fredrik Engelstad

## DEN FJERDE NATTEVAKT

Regi: Ingebjørg Sem, scenografi: Arne Walentin

Med m. a. Lise Fjeldstad, Odd Furøy, Harald Heide Steen

## *Kjæm du ikveld* *ein revy bygd på Alf Prøysens tekster*

Lagt til rette for scenen av Asbjørn Toms

Regi: Barthold Halle, dekor: Snorre Tindberg, kostyme: Randi Skahjem, koreografi: Runar Borge, musikalsk leiing: Egil Monn-Iversen

Med m.a. Jack Fjeldstad, Kirsti Kolstad, Britt Langlie, Magne Lindholm, Marit Kolbræk, Bjørn Skagestad, Tom Tellefsen, Sølvi Wang

**For barna:**

A. A. Milne/Eric Olsoni

## OLE BRUMM

Regi: Rolf Daleng, dekor: Dag Frogner, kostyme: Randi Skahjem

Med Tom Tellefsen i tittelrolla

**På Scene 2:**

David Hare

## KNYTTNEVE

Regi: Harald Hoaas, scenografi: Dag Frogner

Med m. a. Nils Sletta, Wilfred Breistrand, Wenche Medbøe

Harold Pinter

## VAKTMESTER'N

Regi: Jon Heggedal, scenografi: Dag Frogner

Med Jack Fjeldstad, Odd Furøy og Bjørn Floberg

**For barna:**

## CIRKUS FEM

Eit dansespel for barn

Gruppearbeid etter ein ide av Runar Borge, med Tove Edwards, Nina Harte, Svenn Berglund, Leif R. Bjørneseth, Runar Borge. Dekor: Iselin Bast, kostyme: Randi Skahjem, musikalsk leiing: Tor Hultin





Botneu - 68